UNIVERSITETET I BERGEN
DET JURIDISKE FAKULTET

NOTAT

Til

fakultetsstyret

J.nr. 2010/13932
Arkiv

Sak nr. 32/11
Styremøte 03.05.11

PH.D.-GRADEN -
INNSTILLING FRA SAKKYNDIG KOMITÉ OG OPPNEVNING AV OPPONENTER

Cand. jur. Eirik Holmøyvik søkte ved brev datert 15.12.10 om å få avhandlingen "Maktfordeling og 1814" vurdert for ph.d.-graden. Ved brev av 23.12.10 oppnevnte visedekan for forskning følgende sakkyndige komité:

- Professor Karl Harald Søvig, Universitetet i Bergen (leder)
- Professor Ola Mestad, Universitetet i Oslo
- Professor Lars Björne, Universitetet i Turku

Komiteen har levert sin innstilling, datert 30.3.11. Komiteen konkluderer enstemmig med at avhandlingen er funnet verdig for å bli forsvart for ph.d-graden.

Eirik Holmøyvik har fulgt fakultetets forskerutdanningsprogram i samsvar med gjeldende forskrifter.
Han har ingen merknader til innstillingen og søknaden legges med dette fram for styret med følgende forslag til

vedtak:

1. I samsvar med enstemmig innstilling fra den sakkyndige komité finnes Eirik Holmøyviks avhandling "Maktfordeling og 1814" verdig til å forsvares for ph.d.-graden.

2. Som opponenter oppnevnes:

   - Professor Lars Björne, Universitetet i Turku som førsteopponent
   - Professor Ola Mestad, Universitetet i Oslo som annenopponent.

Asbjørn Strandbakken
dekan

Eivind Buanes
fakultetsdirektør

13.4.11
MM

Vedlegg: Innstillingen

Det juridiske fakultet
Universitetet i Bergen
5020 BERGEN

VURDERING AV EIRIK HOLMØYVIK SI AVHANDLING «MAKTFORDELING OG 1814»

1. Innleiing

Eirik Holmøyvik søkte ved brev datert 15. desember 2010 om å få avhandlinga «Maktfordeling og 1814» vurdert for doktorgraden (PhD). Same dag som avhandlinga vart innlevert oppnemnte visedekanus ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen følgjande sakkyndige komité:

- Professor Karl Harald Søvig, Universitetet i Bergen (leiar)
- Professor Ola Mestad, Universitetet i Oslo
- Professor Lars Björne, Universitet i Turku

Komiteen kjem med dette med si innstilling.

2. Kriterium for vurderinga

Styret ved Universitetet i Bergen har vedteke reglement for graden «PhD», jf. vedtak av 12. juni 2003 med seinare endringar. Reglementet § 5 fastset at ei doktoravhandling skal vere eit sjølvstendig vitskapeleg arbeid av internasjonal standard og på eit høgt fagleg nivå når det gjeld problemformuleringar, omgrepsmessig presisering, metodisk, teoretisk og empirisk grunnlag, dokumentasjon og framstillingsform. Avhandlinga skal kunne bidra til å utvikle ny fagleg kunnskap og liggje på eit fagleg nivå som gjer at den vil kunne publiserast som ein del av fagets vitskaplege litteratur.

Professorane Kai Krüger, Erling Selvig og Jens Edvin A. Skoghøy la 5. april 1997 fram ei innstilling om nivået for juridiske doktorgrader etter oppmodning frå fakultetsmøtet for juridiske fag. Fakultetsmøtet trefte vedtak 17. april 1997 og slutta seg i det alt vesentlige til innstillinga. Styret ved Det juridiske fakultet (UiB) handsama saka i møte 17. juni 1997 og slutta seg til prinsippa og hovudsynspunkta som låg til grunn for innstillinga.

Innstillinga tok utgangspunkt i tre hovudsynspunkt:

«1. De faglige krav må fastsettes slik at de vil kunne oppfylles innenfor den tidsramme som stipendiater vil ha til sin disposisjon for et doktorgradsarbeid, dvs. til sammen en arbeidsperiode på tre år i full stilling.

2. Doktorgrad er det viktigste faglige kvalifikasjonsarbeid for fast ansettelse i stiling ved våre fakulteter, og de faglige krav må fastsettes slik at de minstekrav til faglige kvalifikasjoner for ansettelsen i slike fast lærer- og forskerstilling vil være oppfylt. De nye kvalifikasjonskravene for amanuensisstillinger innebar en vesentlig endring i og med at de faglige krav til doktorgraden også ble en viktig del av ansettelsespolitikken.

3. Det vil være en betydelig forskjell mellom kvalifikasjonskravene til ansettelse i førstestilling og til ansettelse i professorstilling, både når det gjelder kravene til arten og kvaliteten av de vitenskapelige arbeider som trenges for å dokumentere kompetanse i de to relasjoner.»

Den 16. mars 2006 vart spørsmålet på nytt drøfta i Det nasjonale fakultetsmøtet. Det vart lagt til grunn at retningslinene frå 1997 framleis er dekkande for dei krav som bør stillast til juridiske doktoravhandlingar, men at det kan være naudsynt med presisering og tydeliggjering av krava. Styret ved Det juridiske fakultet i Bergen vedtok 4. september 2007 nye retningsliner. I disse står det mellom anna:

«Doktorgraden er den høyeste akademiske grad, og utgjør et av de viktigste grunnlag for tilsetting i høyere vitenskapelige stillinger. Det må derfor stilles høye krav til en doktorgradsavhandling, både når det gjelder omfanget av de undersøkelser som har vært utført, og med hensyn til metodebeherskelse, analytisk nivå og fremstillingsevne. ... Doktoravhandlingen skal være doktorandens «svennestykke». Det skal vise at doktoranden har evne til rettsvitenskapelig forskning på det nivå som kreves i en universitetsstilling. Det kan ikke forventes at stipendiatene under doktorgradsutdannelsen frembringer den bredde og dybde i rettsvitenskapelig produksjon som kreves for professorkompetanse. For mange av dem som vil gå videre på en akademisk karrièrevei, vil mye av grunnlaget for professorkompetanse måtte fremstilles etter at doktorgraden er ervervet, som postdoktorstipendiat eller som fast ansatt.»

Ein stor del av diskusjonane i dei nemnde dokumenta er knytte til «minstekravet» for ei avhandling. Som det følgjer av komiteens merknader, er det ikkje nødvendig å gå inn i denne problematikken for å vurdere avhandlinga til Holmøyvik.

3. Oversyn over avhandlinga

Avhandlinga er på 496 sider. I tillegg kjem register. Emnet for avhandlinga er maktfordelinga i Eidsvollsgrunnlova av 17. mai 1814, særleg kompetansefordelinga mellom den lovgjevande forsamlinga (Stortinget) og den utøvande makta (Kongen). Den sentrale ideen i avhandlinga er at det tradisjonelle bildet av Eidsvollsgrunnlova som eit uttrykk for Montesquieus maktfordelingslære er misvisande og at grunnlovsfedrane på Eidsvoll var samde om å tufte den nye grunnlova på

folkesuverenitet som prinsipp og med ei funksjonell maktfordeling underordna dette. Avhandlinga er delt inn i 10 kapittel:

I *kap. 1 (18 sider)* presenterer Holmøyvik prosjektet, inkludert aktualitet og forskingsstatus for emnet. Tidsmessig er avhandlinga – med to unnatak – avgrensa til grunnlovsarbeidet fram til vedtakinga 17. mai 1814. Tematisk er avhandlinga avgrensa til maktfordelinga mellom dei øvste statsmaktene i Eidsvollsgrunnlova og då i fyrste rekkje lovgjevar og den utøvande makta.

I *kap. 2 (12 sider)* tar Holmøyvik opp metodiske problem, og han knyter seg særleg opp mot Reinhardt Koselleck sine omgrep «erfaringsrom» og «forventningshorisont». Desse bruker han seinare i avhandlinga når han skal forklare «tidsanda» som grunnlovsfedrane skreiv ut frå.

Kap. 3 (44 sider) handlar om kvifor eit maktfordelingsprinsipp utan vidare vart lagt til grunn som ei grunnsetning for grunnlovsarbeidet på Riksforsamlinga på Eidsvoll. Han presenterer her visse sentrale statsrettslege omgrep i 1700-tallets doktrine og syner korleis desse fungerte som ein form for «systemtvang».

I *kap. 4 (56 sider)* diskuterer han føresetnader for og strukturar i gjennomføringa av maktfordelingsprinsippet. Mens dei etterfølgjande kapitla går inn i einskildspørsmål, gjer kap. 4 greie for gjennomføring av maktfordelingsprinsippet på eit overordna plan.

I *kap. 5 (76 sider)* tar han opp gjennomføringa av maktfordelingsprinsippet i teori og grunnlover før 1814. Tre spørsmål står her sentralt: Forbodet mot personsamanblanding mellom statsmaktene, konstitusjonelt ansvar og grunnlovsendring.

I *kap. 6 (38 sider)* er emnet maktfordelingsprinsippet i dansk-norsk statsrett før 1814. Jamvel om kongelova av 1665 bygde på maktkonsentrasjon i form av einevelde, vaks det fram element av maktfordeling i første rekke mellom den utøvande og dømmande makta. Ei sentral kjelde er dei trykte erklæringane frå generalprokurør Henrik Stampe, og Holmøyvik analyserer dei som er relevante for emnet.

Kap. 7 og 8 utgjer hovuddelen av avhandlinga, både i form av sidetal og innhaldsmessig. I kap. 7 (106 sider) presenterer og analyserer Holmøyvik ut frå eit maktfordelingsperspektiv dei grunnlovsutkasta som vart lagt fram i 1814. I kap. 8 (126 sider) er emnet den vedtatte maktfordelinga i Eidsvollsgrunnlova. Perspektivet er todelt. Han gjer først greie for korleis maktfordelingsprinsippet vart gjennomført i Eidsvollsgrunnlova, for deretter å sjå på maktfordelingsprinsippet der i en større teoretisk og konstitusjonshistorisk samanheng.

Kap. 9 er ein epilog som tar for seg utviklinga i den første tida etter 1814. To tema er sentrale: For det første diskusjonane i samband med forslag til grunnlovsendringar i 1821-24, og for det andre korleis dei grunnlovene som kom til i andre europeiske land etter 1814 bygde på ei anna innretting av maktfordelinga enn tidlegare. Siktemålet er primært ikkje å forstå forfatningsutviklinga etter 1814, men gjennom dette å forstå endå betre maktfordelinga i Eidsvollsgrunnlova.

Kap. 10 (4 sider) er ei kort samanfatning som endar med ein konklusjon om at maktfordelinga i Eidsvollsgrunnlova som bygde på folkesuverenitetsprinsippet alt frå 1814 var i utakt med den nyaste reaksjonære europeiske forfatningsutviklinga og dette var ein rettsleg spire til forfatningskampane mellom kongen og Stortinget seinare på 1800-talet.

4. Komiteens merknader

Emnet er svært velvalt for ei rettshistorisk doktoravhandling og aktuelt no når 200-årsjubileet for grunnlova nærmar seg. Svært mykje statsrettslitteratur og politisk historisk litteratur har tatt opp og sagt noko om forholdet mellom folkesuverenitet og maktfordeling og den norske grunnlova. Avhandlinga viser at det som har vore skrive ikkje har vore gjennomtenkt nok og bygd på for overflatisk bruk av materialet. Holmøyviks innsiktsfulle lesing av 1700- og tidleg 1800-talsteori og ei stor mengde tidlegare grunnlover, inkludert dei mange amerikanske delstatsgrunnlovene, har gitt ny innsikt i sentrale statsrettslege spørsmål.

Holmøyvik har valt å sette sluttstrek ved utviklinga fram til mai 1814, men har gjort to mindre unnatak. For det fyrste har han gått inn i diskusjonane knytt til endringsforslaga til grunnlova satt fram den første tida etter 1814, og for det andre har han delvis undersøkt korleis den endra statsrettsdoktrinen i Europa etter 1814 har verka inn på den norske utviklinga. Komiteen har forståing for denne avgrensinga, men den fører også til at interessant litteratur er vald bort. Den såkalla «kamplitteraturen» knytt til forfatningsstridane utover på 1800-talet er i svært liten grad teken med (s. 5-6), med unnatak av Nils Höjer sin bok frå 1882 og dels også utgreiinga frå professorane ved Det juridiske fakultet frå 1881. Dermed ekskluderer han litteratur som dels tar opp same problemstillingar som han sjølv, og som det kunne være interessant å bryte synspunkt mot.

Ein stor føremon er at avhandlinga bygger på ein klar hypotese om at det ikkje er dekkjande – slik det er vanleg å gjere i Noreg – å knyte maktfordelinga i 1814-grunnlova til Montesquieu som tok til orde for ein balanseteori. Samstundes fører hypotesen også til at Holmøyvik enkelte stader meir prøver å byggje opp under

denne enn å foreta drøftingar der konklusjonen kjem som sluttstein av ei argumentasjonsrekkje. Ei innvending mot avhandlinga er også at ho nokre stader er litt for deskriptiv, jf. særleg seinare merknader om bruk av framand rett.

Undersøkingsobjektet er rettslege tekstar, og då først og fremst grunnlovstekstar (s. 20). Val av synsvinkel og perspektiv er vanskelig å kritisere som «feilaktige», men komiteen vil likevel minne om farane ved ei slik einsidig juridisk tilnærming. Holmøyvik skriv at han vil forklare den institusjonelle gjennomføringa av maktfordelingsprinsippet ut frå «dei rettslege, historiske og faktiske føresetnadane i 1814» (s. 7). Ut frå dette kunne avhandlinga tent på i større grad å synleggjere at også politiske faktorar og samfunnstilhøva våren 1814 verka inn på Eidsvollsgrunnlova. Samstundes har forskingstradisjonen kanskje vore for opptatt av dei politiske omstenda og i for liten grad analysert dei juridiske føresetnadene anna enn på eit meir overordna nivå, som har tatt mindre omsyn til dei detaljerte og konkrete rettslege føresetnadene i 1814.

I forlenginga av dette meiner komiteen at avhandlinga kunne ha vunne på å ha ei litt anna innretning av metodedelen, der forholdet mellom rettslege og politiske føresetnader kunne vore drøfta. Holmøyvik søkjer å påvise kva faktorar som har verka inn på den endelege grunnlovsteksten. Slik sett kunne det òg vore ønskjeleg med ein noko meir utførleg diskusjon om kva kriterium som bør leggjast til grunn når ein skal konkludere med at ein bestemt tekst har verka inn på ein annan.

Holmøyvik presenterer tidleg i avhandlinga (kap. 2) omgrepa «erfaringsrom» (Erfahrungsraum) og «forventningshorisont» (Erwartungshorizont) med tilknyting til forskinga til Koselleck. Dette gir eit viktig inntak til at ein historisk analyse må skje med utgangspunkt i kva aktørane i samtida faktisk kjente til eller kunne kjenne til. Men elles synest det som om denne teoritradisjonen ikkje gir så mykje forklaringskraft til avhandlinga som den gjennomgåande omgrepsbruken i avhandlingsteksten skulle tilseie. I presentasjonen av Koselleck sin teori fokuserer Holmøyvik på individet og deira «Forventningshorisont», jamvel om han også er inne på eit gruppeperspektiv (s. 22). Vekselverknaden mellom individ og gruppe er truleg sentral for å forstå Eidsvollsgrunnlova, og slik sett kunne denne dimensjonen kanskje vore utforska nærare. Forholdet mellom omgrepet forventningshorisont som er henta frå idéhistoria og normative krav til ei framtidig rettsordning kunne vore problematisert.

Ein stor del av framstillinga er brukt til å gå igjennom utanlandske grunnlover og teoretiske føresetnader, jamvel om utanlandsk rett berre er meint som kjelder til kunnskap for å forstå maktfordelinga i Eidsvollsgrunnlova (s. 14 og s. 27). Først av

alt vil komiteen gje Holmøyvik honnør for å ha sett seg grundig inn i eit stort materiale. Han kan både engelsk, fransk og tysk og gjer bruk av eit rikt kjeldetilfang både med omsyn til grunnlovstekstar og samtidig litteratur, i tillegg til seinare teori. Vidare viser han gjennom gode samanhengs- og systemtolkingar av dei mange grunnlovene korleis ein ikkje kan lausrive eit element for samanlikning. Holmøyvik er godt skolert i forskingslitteraturen og evner å gå inn i en sakleg og vel overvegd diskusjon med andre forfattarar.

Komiteen meiner likevel at avhandlinga ville tent på å ei meir konsentrert framstilling av utanlandsk rett. Til dels er denne delen av avhandlinga prega av gjentaking, noko som til ein viss grad kan skuldast delinga i to kapittel (4 og 5). Desse tek høvesvis for seg den overordna føresetnadene (kap. 4) og einskildreglane (kap. 5), slik at same eller liknande spørsmål ofte vert handsama fleire plasser. I dei sentrale kapitla (7 og 8) nytter han i tråd med si eiga programformulering (s. 14 og s. 27) utanlandske kjelder berre til å forstå maktfordelinga i Eidsvollsgrunnlova. Slik sett er det eit visst mishøve mellom omfanget av presentasjonen av utanlandsk rett og den bruken som vert gjort under analysane av Eidsvollsgrunnlova.

Dei sentrale delane av avhandlinga er kap. 7 og 8 der Holmøyvik analyserer grunnlovsutkasta frå 1814 (kap. 7) og den grunnlova som vart vedteken (kap. 8). Han viser korleis framande grunnlover og samtidig teori vart kombinert med nasjonale dansk-norske erfaringar, og at grunnlova slik sett var ein gjennomtenkt komposisjon sjølv om delar av arbeidet var prega av tidsnaud. Drøftingane er vel funderte og Holmøyvik bringar fram nye synspunkt. Av framande grunnlover står både den franske av 1791, den spanske av 1812 og den amerikanske av 1787 sentralt, saman med den svenske Regeringsformen av 1809 (s. 28). Komiteen meiner at det i forlenginga av dette ville ha vore relevant med ein diskusjon av kva for materiale som faktisk var tilgjengeleg for den viktige konstitusjonskomiteen på Eidsvoll og kva for kunnskapar medlemene kunne tenkjast å ha, sjølv om kjeldesituasjonen her er vanskeleg. Ut frå den politiske situasjonen våren 1814, meiner komiteen òg at det kan reisast spørsmål om ikkje den svenske Regeringsformen spelte ei større rolle enn Holmøyvik synest å leggje til grunn.

Avhandlinga er skriven i eit nøkternt og godt språk. Formalia i form av fotnotar og tilvisingar til kjelder, litteratur m. v. er ryddig og konsistent. Manuskriptet har få korrekturfeil.

Samla sett har Holmøyvik på ein inngåande måte drøfta og analysert den tidlegare delvis ukjende utanlandske bakgrunnen til Eidsvollsgrunnlova og den heimlege tradisjonen og brukt det til å revidere oppfatninga av eit sentralt

statsrettshistorisk spørsmål. Avhandlinga gjev nye erkjenningar og legg godt grunnlag for nye faglege diskusjonar. Avhandlinga er eit solid rettsvitskapleg arbeid og oppfyller utan tvil dei krava som er gjevne i reglementet.

5. Avsluttande vurdering

Innstillinga er samrøystes og komiteen vil bede fakultetet å treffe vedtak i samsvar med følgjande:

INNSTILLING:

Eirik Holmøyvik si avhandling «Maktfordeling og 1814» er verdig til forsvar for doktorgraden (PhD).

Ny York/Bergen/Turku, 30. mars 2011

Ola Mestad	Karl Harald Søvig	Lars Björne
(sign.)	(sign.)	(sign.)

statsrettshistorisk spørsmål. Avhandlinga gjev nye erkjenningar og legg godt grunnlag for nye faglege diskusjonar. Avhandlinga er eit solid rettsvitskapleg arbeid og oppfyller utan tvil dei krava som er gjevne i reglementet.

5. Avsluttande vurdering

Innstillinga er samrøystes og komiteen vil bede fakultetet å treffe vedtak i samsvar med følgjande:

INNSTILLING:

Eirik Holmøyvik si avhandling «Maktfordeling og 1814» er verdig til forsvar for doktorgraden (PhD).

Ny York/Bergen/Turku, 30. mars 2011

Ola Mestad	Karl Harald Søvig	Lars Björne
(sign.)	(sign.)	(sign.)

statsrettshistorisk spørsmål. Avhandlinga gjev nye erkjenningar og legg godt grunnlag for nye faglege diskusjonar. Avhandlinga er eit solid rettsvitskapleg arbeid og oppfyller utan tvil dei krava som er gjevne i reglementet.

5. Avsluttande vurdering

Innstillinga er samrøystes og komiteen vil bede fakultetet å treffe vedtak i samsvar med følgjande:

INNSTILLING:

Eirik Holmøyvik si avhandling «Maktfordeling og 1814» er verdig til forsvar for doktorgraden (PhD).

Ny York/Bergen/Turku, 30. mars 2011

Ola Mestad	Karl Harald Søvig	Lars Björne
(sign.)	(sign.)	(sign.)